



**BERG KLODEN:** Berg kloden før det er for seint, oppfordrar Bodvar Sonstad i Besteforeldrenes klimaaksjon.

Verda går mot ein katastrofe om vi ikkje klarer å stoppe utsleppa:

# Besteforeldra aksjonerer

## Besteforeldrenes klimaaksjon i Valdres står på for å redde kloden vår.

BJØRN KARSRUD  
bjorn@avisa-valdres.no

**ØYSTRE SLIDRE:** I Valdres er Bodvar Sonstad frontfigur. I 2015 var han i Paris for å protestere mot klimaøydeleggingane. Men han står også på på heimebane. Februar er årets aksjonsmånad, og årets aksjon går under stikkorda biff, bil, bustad, billetter og butikk.

### Biff, bil, bustad, butikk

- Kjøtt er ein klimaversting. Kanskje du kan kutte ned kjøttforbruket i februar, oppfordrar Sonstad. Bil er ein annan forureinar.

- Bruk minst mogleg fossilbil i februar. Kan du gå, sykle eller kjøre kollektivt i denne månaden, spør Bodvar Sonstad.

Elles oppfordrar han til å skru ned varmen i bustaden med ein grad eller to.

- Slå av lyset når du forlèt rommet, treng utelyset stå på heile natta? Ta korte sparedusjar akkurat denne månaden, er oppmoding nummer tre.

Har du bestilt sydenferie i februar oppfordrar han til å la mars vera flyfri, samtidig som han går ut med ei oppfordring til folk om å ta kortast mogleg flyreiser.

Han meiner samtidig at folk i denne månaden bør tenkje seg godt om før dei kjøper klede, elektronikk eller sportsutstyr.

### 15-årig inspirator

Den store inspirator for besteforeldra i år, er 15-årige Greta Thunberg frå Sverige, som er verdas nye klimastjerne.

Greta Thunberg snakka framfor verdstoppane på FNs klimatoppmøte i Katowice i Polen. Ho er sint på politkarane som snakkar i store ord, men som ikkje gjer noko for å løse klimakrisa.

- Besteforeldrenes klimaaksjon har fått konstruert ein stor plakat som vi kan henge på oss med bilde av Greta, seier ein entusiastisk Bodvar Sonstad.

Plakaten har eit sitat frå Greta som påskrift: «Løsningen er så enkel at en 5-åring kan forstå det».

Sonstad er aktiv i Valdres, men er av og til også med på aksjonar saman med besteforeldra utanfor Stortinget. I sommar kan det også bli aktuelt å delta under Arendalsuka.

I Valdres har besteforeldra gått ut med ein oppfordringsannonse til alle om å bidra med sitt i februar.

### Ein katastrofe

- Kvifor er dette viktig?

- Den siste FN-rapporten om klima viser at mykje kan gå gale om vi ikkje når klimamålet på 1,5 grader. Det er ein begynnande katastrofe får vår sivilisasjon, seier Sonstad. Verda går mot ein katastrofe om vi ikkje klarer å stoppe utsleppa:



**INSPIRATOR:** 15 år gamle Greta Thunberg er inspirator for besteforeldra.

Solskjerming og garasjeporter.  
til 17.03.

**-30%** PÅ VÅRE BEST-SELGERE

**kjells markiser**  
MARKISER PERSIENNER SCREEN INTERIØR

GRATIS befaring/tilbud: 95 300 800 - kjellsmarkiser.no